

Når språk skal normerast

Debatt på Dei nynorske festspela i Ørsta 26. juni 2010

Arrangør: Ivar Aasen-instituttet

Innleiing av Lars S. Vikør

Eg kjem ikkje til å snakke om normering generelt her, men om nynorsken spesielt. I festspelavisa står det formulert nokre generelle spørsmål, som eg innleier med å svare kort på. ”Kva vil det seie å normere eit språk”? To ting i alle fall: å byggje opp eit nytt skriftspråk, og å endre og justere etablerte skriftspråk etter bestemte behov, som kan vere heilt skiftande; da bruker eg å snakke om *omnormering* i motsetning til grunnleggjande normering. Det er openbert det siste vi har å gjere med her. Så dette er min første tese:

1 Nynorsken er eit normert og etablert skriftspråk som berre treng justering og regulering. Fagkunnskap om etablering av skriftkulturar, som festspelavisa nemner, er altså ikkje relevant lenger. Derimot treng vi mye kunnskap om korleis den aktuelle skriftnormalen blir innlært, tradert og brukt. Med verbet tradert er eg ved den andre tesen:

2 Tradisjon må bety levande brukstradisjon, ikkje eldre former som er gått ut av bruk. Dette er forskjellen på konservatisme og reaksjon. Alt gammalt er ikkje nødvendigvis tradisjon eller meir tradisjonelt enn noko nyare.

Det var den eine fallgruva, misforstått tradisjonalisme. Ei anna fallgruve er det å sjå på skriftmålet som noko som berre er avleidd av talemålet, slik at det å ta målføreformer inn i skriftnormalen automatisk hevar prestisjen til dialektformene. Neste tese:

3 Talemål er noko anna enn skriftspråk. Talemålsformer i skrift må konverterast til skriftmålsformer i folks auge for å bli aksepterte. Med ”konverterast” til skriftformer meiner eg at dei må brukast i formelt skriftspråk så lenge, autoritativt og ofte at dei mistar preget av å vere ei dialektform og for folk framstår som skriftspråk. Dette er vanskeleg, men mogleg. Både bokmålet og nynorsken har mange opphavlege talemålsformer som er blitt konverterte til skriftformer og fått ein status i samsvar med det (bokmål *dere*, til dømes). Men det skjer ikkje automatisk, det må ein langvarig prosess til, og ein politikk for implementering av bruk. Mye tyder på at slik konvertering primært skjer i oppbyggingsfasen til eit skriftspråk, og er mye vanskelegare i eit etablert skriftspråk som nynorsken.

Mitt neste punkt er: Kven normerer vi språket for? Kven har sams interesser, kven har motstridande interesser?

Her reknar eg med to dimensjonar:

4 ”Kjerneområdet” vs. resten av landet: Begge har same interesser i normeringa. Den motsetninga mellom ”Vestlandet”, som ville ha meir tradisjonelle former, og ”Austlandet”, som ville ha tilnæringsformer, var relevant for nokre tiår sidan, men ikkje lenger i dag – fordi det ikkje lenger finst språktrekk som Vestlandet er samla om utan å dele dei med folk i andre landsdelar. Den etablerte og tilvande bruksnynorsken er nok for begge ”partane” det mest tenlege grunnlaget å utvikle språket på.

5 Elite (”språknerdar”) vs. vanlege språkbrukarar: Dei vanlege språkbrukarane er viktigast. I dag er elitenynorsken trygg; den nynorskbaserte delen av norsk kultur er så vital, kreativ og

mangfoldig som aldri før. For denne eliten er det unødvendig å bruke tid og pengar på meir normering. Men ”grasrotnynorsken” er utsett, også i kjerneområdet, med ”nynorsklekkasje” blant skoleungdom, og stadig press på nynorskens posisjon i lokalsamfunna der han kostar pengar eller kan kjennast som ulempe for nokon. Det er nynorskens mjuke underliv. Men det er her nynorsken må overleve for å klare seg, og dermed må behova på dette planet vere styrande for normeringa.

6 Språkrådet vil ha ei stram og enkel norm: Men ”stram” og ”enkel” treng ikkje vere samanfallande. Omgrepa ”enkel norm” og ”lett å bruke” er i det heile innfløkte og kan innebere ulike ting. Eg bruker elles sjølv å skilje mellom ”normal” i tydinga ’fastsett regelsystem’ og ”norm” om det som styrer åtferda vår i samfunnet. Med andre ord: Språkrådet vedtek ein normal, og så avgjer brukarane om denne normalen skal fungere som ei norm for seg og altså følgjast. Ein enkel normal kan da bety ein normal med få tillatne former og lite variasjon, eller det kan bety ei normal med velkjende og tilvande former motsett nye og lite kjende, eller det kan vere ein normal med enkle og gjennomsiktige grammatiske reglar, eller det kan vere ein normal med former og reglar som ligg nær talemålet til brukaren. Det er vanskelege avvegingar å gjere her.

7 Målet for det heile bør vere: Ingen ny nynorsk, men ei justering av nynorsknormalen med tanke på at han skal fungere betre både for innlærarar og etablerte brukarar. Ut ifrå det tilrår eg desse hovudprinsippa for ei ny normering:

- konservatisme i forhold til det som er vanleg nynorsk i dag
- tilpassing til bruken der det trengst, slik at det som står i ordlistene også tilsvare det som er vanleg å sjå i skriftleg bruk
- innstramming av valfridom som ikkje fungerer i praksis
- respekt for valfridom som blir brukt og betyr mye for mange språkbrukarar
- forsiktig forenkling av vanskelege regelsystem

Det må vere eit mål at færrest mogleg nynorskbrukarar skal måtte forandre på skriftspråket sitt for å skrive ”korrekt” etter offisiell rettskriving, og at dei som må det, skal måtte endre på så lite som råd. Alt anna vil føre til ny ustabilitet, så langt eg kan sjå.